

Kortreist inspirasjon

Om å la seg inspirera av nærmiljøet til skapande arbeid.



Fagdidaktisk masteroppgåve i kunst og handverk
Institutt for lærarutdanning og pedagogikk ved UIT

Av
Ivar Aarvik



Samandrag

Denne undersøkinga handlar om korleis ein kan nytta nærmiljøet i Kroken som kjelde til inspirasjon i skapande arbeid. Ved å koma tett på alt det som omgjev oss, kan det opna seg enorme moglegheiter. Oppgåva har to problemstillingar: Korleis kan fotomotiv frå nærmiljøet nyttast som kjelde til inspirasjon i eige skapande arbeid innafor ulike visuelle uttrykk? Korleis kan fotomotiv frå nærmiljøet rundt Krokelvdalen skule nyttast som inspirasjonskjelde for elevane ved skulen i deira skapande arbeid og kva verdi har dette? Undersøkinga har mellom anna synt at ein kan finna spanande fotomotiv med utgangspunkt i asfaltsprekker, skugge og spegleffektar i vatn. Desse fotomotiva kan nyttast til å skapa produkt i fleire ulike visuelle uttrykk. Erfaringane frå dette arbeidet har danna grunnlag for eit undervisingsopplegg i kunst og handverk for fjerde trinn. Mellom anna på bakgrunn av elevane si evaluering av prosjektet konkluderer eg med at fotomotiv frå nærmiljøet kan nyttast som kjelde til inspirasjon for meg sjølv og elevane. Verdien av dette undervisingsopplegget er stor i eit fagdidaktisk perspektiv. Ein vil kunne imøtekamma fleire av læreplanmåla i kunst og handverk med dette prosjektet. Men ser ein litt lenger, vert verdien tydeleggjort ved å sjå samanhengen mellom dette undervisingsopplegget frå nærmiljøet i Kroken og dei tre overordna tverrfaglege måla i den nye læreplanen som kjem: Demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling og folkehelse og livsmeistring. Dette særleg fordi prosjektet set nærmiljø i fokus. Prosjektet opnar for at elevane vil kunna sjå nærmiljøet rundt seg med nye augo. Dette kan etter mi meining føre til at elevane i større grad ser verdien av sitt eige nærmiljø og skapar engasjement hjå dei. Eit engasjement for nærmiljøet kan smitte over og skape interesse på nye område. Ein som har oppdaga nye verdiar i sitt eige nærmiljø, vil ofte vere meir motivert for å ta vare på nærmiljøet sitt. Eit slikt engasjement har òg potensial i seg til å skapa ei kjensle av å høyre til og slik styrkja eleven sin identitet. Prosjektet kan såleis leggja grunnlag for at elevane i større grad bidreg i samfunnet samt å hjelpe elevane å oppnå auka livskvalitet og betre livsmeistring.

Forord

No kjennes det rart å stå ved enden av dette.

Eg vil fyrst takka far min som viste meg verdien av motiva i makroverda rundt meg.

Kari Doseth Opstad og Liv Merete Nilsen har leia meg gjennom «tett krattskog», og skal ha stor takk for både oppmuntring og kyndig rettleiing.

Stor takk til team Jostein Bakke og Margunn Vikingstad som har stilt opp gong på gong med både med gode råd og gjennomlesing.

Takk til Bård Kråkevik som og har lest teksten.

Stor takk til elevane på fjerde trinnet ved Krokelvdalen skule skuleåret 2016/17. Det var verkeleg ein heilt spesielt fin gjeng å ha i kunst og handverk. Takk til Hanne Salmi som var fleksibel kollega i gjennomføringa av «prosjekt asfalsprekker».

Eg vil òg takka den fine gjengen eg har teke studiet saman med. Det har vore ei flott oppleving mykje på grunn av dykk. Endå ein takk til Kari for å ha teke initiativet til å få i gang dette studiet. Du har vore vår klippe gjennom alle desse åra.

Ivar

Innhald

Kapittel 1– Innleiing	10
Problemstilling	12
Utdjuping av problemstillingane	12
Kapittel 2 – Teori/kunnskapsgrunnlag	14
Kapittel 3 – Metode	18
Mine metodiske val	19
Eige arbeid	19
Fotodokumentasjon	19
Refleksjonslogg	20
Deltakande observasjon og observasjonslogg	20
Elevprodukt	21
Analyseprosess (Handsaming av data)	21
Metodekritikk	21
Validitet og reliabilitet	21
Etikk	22
Kapittel 4 – Resultat	23
4.1 Eige skapande arbeid	23
Fotomotiv av vegteikningar	25
Fotomotiv av skugge	27
Fotomotiv av natur	28
Fotomotiv av kultur	29

Fotomotiv av spegeleffektar i vatn	30
4.2 Mine produkt. Med utgangspunkt i motiver frå fotomaterialet mitt	31
Monotypi	31
Lysboksar	36
Digitalt redigerte foto	38
Animasjonsfilm	39
Kapittel 5 – Undervisningsopplegget «prosjekt asfaltsprekker»	41
Fotografering	41
Redigering	42
Digital overføring (frå foto til grafisk uttrykk)	43
Bildebehandling av produktfoto	44
Sluttprodukt	45
Utstilling	47
Elev evaluering av prosjektet	49
Oppsummering av prosjekt asfaltsprekker	50
Kapittel 6 – Analyse og drøfting	51
Kapittel 7 – Konklusjon	61
Kjeldeliste	62
Vedlegg	64

Det gis en navnløs lykke. Den
kan selv de lykkeløse menn
få møte i sin hverdags grend.

Stans opp og se deg fritt omkring:
Du står som inne i en ring
av ennå uforløste ting.

Da skjer et under. Her og nå:
En blomst blir blomst, et strå blir strå,
-fordi du stanset opp og så.

Hans Børli (utdrag frå diktet « Hver liten ting»)

Kapittel 1– Innleiing

Far min samla på alt mogleg. Den etter kvart så framoverlente kroppen vitna om ein mann som alltid var på utkikk etter det han kunne finne rett framfor seg. Han plukka opp og tok vare på det han tykte var verdfullt. Dette kunne være pinnar med ei særeiga form, eller skruer, boksar eller andre brukbare delar han såg verdi i. Han var òg ein ivrig fotograf. Motiva var ofte detaljar av natur. Makrofunksjon var flittig i bruk. Han tok bilete av mønster i bark, og av isformer som oppstår i ei frossen elv. Dette var motiv som tala til han og som var verdt å fotografera. Ikkje fordi han skulle bruke fotoa til noko særskild seinare, som til dømes skisser til andre kunstnarlege uttrykk eller liknande. Han tykte berre at motiva var fine og verdt å ta vare på. Han sa ofte «var ikkje den flott?», noko me måtte seie oss einige i, me som var tilskodrarar, me som var nær han. Eg hugsar me fleipa med han, når innslaget av makrofoto vart for dominerande i ljusbileteframsyninga. Desse bileta vart eg etter kvart vand med å sjå. Eg likte dei, familien og slekta mi vart òg fortruleg med desse makrobileta. Elevane far min hadde i skulen, vart òg vande med å sjå desse bileta. Dette er arven min. Og etter kvart har eg òg oppdaga kor mykje fint ein kan finna rett framføre seg.

Over alt rundt oss finst det ei mengd av former og linjer. Desse formene og linjene endrar seg heile tida. Oppheld ein seg innadørs i eit rom over litt tid, vil ein oppleva at omgjevnadene òg her endrar seg ustanskeleg. Genseren som ligg slengt på sofaen i stova, har landa på eit vis som gjer at lyset frå ei lampe skapar ei ny skuggeform. Denne forma stikk seg ut frå dei andre formene i stova. Forma minner om noko du har sett før ein gong. På dette viset er det mogleg for oss heile tida å oppdaga nye former, nye skattar som kan vera verdt å ta vare på.

Ja, for er ein oppteken av skapande arbeid, så er en alltid på jakt etter former og motiv ein kan nytta. Det kan vera ei stor utfordring å finna nye kjelder til inspirasjon, difor er det viktig å øva seg i å sjå. Trena blikket i å få med seg «nye» former i våre nære omgjevnader.



Figur 1. Denne «teikninga» har vorte til i møtet mellom kultur og natur. Mest truleg har vær og temperaturendringar skapt denne teikninga i asfalten.

Det slår meg, så vakre dei er, «teikningane» som oppstår i slitt asfalt. Sprekkane skapar elegante former og komposisjonar. Desse «teikningane» (fig. 1) kjem som resultat av all slitasjen asfalten vert påførd. Naturen sjølv gjer sitt, gjennom våte, tørre, varme og kalde årstider. Asfaltdekket lyt gi etter når det vert utsett for frost, telehiv og regn. I tillegg kjem all slitasjen me menneske tilfører. Me går, syklar og køyrer med ulike farkostar på vegane. Alt dette er med på å setja spor i ei opphavleg glatt og jamn flate. Sprekkane i asfaltdekket vert fleire og tydelegare jo lengre tida går. Eg har arbeidd mange år som lærar ved Krokelvdalen skule. Kvar dag har eg gått til og frå arbeidet mitt. Strekninga frå Turkisvegen til arbeidsplassen min er etter alt å døme den strekningen eg har gått flest gonger i livet. Fylgjeleg er dette difor den vegstasjonen eg i størst grad har vore med på å prega. Ei innvending kan vera at eg som fotgjengar nok ikkje er den som har laga djupast avtrykk i den harde, asfalerte vegen. Men eg har bidratt litt, eg har påverka litt, og spora mine finst der, sjølv om dei ikkje er så synlege.

Vegen til og frå arbeid er ei strekning mange av oss går til fots. Nokon treng denne «stunda» for å vakna skikkeleg opp, andre nyttar høvet til å tenkja gjennom dagens gjeremål. Men ligg det ei mogleg kjelde til inspirasjon for eige skapande arbeid i denne transportetappen? I så fall vil vegen til og frå arbeid kunne verta en ressurs for svært mange.

Min veg til arbeid er ikkje på noko vis spesiell. Nær heile strekninga er dekt med asfalt, og eg har einebustader og skogflekkar rundt meg det meste av vegen. Dette er ei skildring av eit miljø svært mange kjenner frå sitt eige nærmiljø, her i Norge, Norden og i verda elles.

Som lærar er eg oppteken av at òg elevane skal kunne oppleva at det er mykje spanande å finna i nærmiljøet rundt skulen. Ein lyt berre ha dei rette brillene på. Ved å nytta seg av former frå elevane sitt nærmiljø, ynskjer eg å auka engasjementet og interessa for kunst og handverksfaget, men òg å gjera kunst og handverksfaget tydelegare og meir relevant.

For å forenkla skildringa, omtalar eg frå no av motiv frå sprekker i asfalt som vegteikningar.

Med eit stort engasjement for mitt og elevane mine sitt nærmiljø, og med ei kjensle av at det er mangt ein kan finna om ein jaktar på inspirasjon i nærmiljøet, kom eg fram til to problemstillingar.

Problemstilling

1. Korleis kan fotomotiv frå nærmiljøet mitt nyttast som kjelde til inspirasjon i eige skapande arbeid innafor ulike visuelle uttrykk?
2. Korleis kan fotomotiv frå nærmiljøet rundt Krokelvdalen skule nyttast som inspirasjonskjelde for elevane ved skulen, i deira skapande arbeid, og kva verdi har dette?

Utdjuping av problemstillingane

Eg har valt ei todelt problemstilling i oppgåva. Den fyrste, er vinkla mot mitt eige skapande arbeid. Den andre problemstillinga har ei fagdidaktisk overbygning og er vinkla mot elevane sitt skapande arbeid. Eg ynskjer å fokusera på «nye» kjelder til inspirasjon for meg og

elevane. Og eg ynskjer å bidra til å skapa eit engasjement for kvalitetar ein kan finna i nærmiljøet vårt.

Eg finn det naudsynt å spesifisera to ting før me går vidare; Med nærmiljø meiner eg i denne oppgåva Kroken og området rundt Krokelvdalen skule. Med skapande arbeid meiner eg i denne oppgåva «*arbeid med ulike kunstuttrykk*» i todimensjonal og tredimensjonal form.

Eg har valt å presentera teori og metode for begge problemstillingane i kapittel 2 og 3. Etter det presenterer eg resultatet av arbeidet med dei to problemstillingane kvar for seg i kap. 4.1 og 4.2. Til slutt analyserer, drøftar og konkluderer eg resultata samla i kapittel 5 og 6.

Kapittel 2 – Teori/kunnskapsgrunnlag

I dette kapittelet vil eg presentera relevante teoretikarar, kunstnarar og element frå læreplanen. Dette er ei undersøking som hovudsakleg byggjer på kvalitative data (fotomotiv frå nærmiljøet). Det har vore utfordrande å finne teori som passar til problemstillinga som gjeld mitt eige skapande arbeid, men enklare å finne teori for den fagdidaktiske delen. Noko av kunnskapsgrunnlaget er felles for dei to problemstillingane.

John Dewey (1859- 1952) var ein amerikansk professor i psykologi (set inn i parentesen når han levde), i tillegg pedagog og filosof og er «*ein pedagogisk tenkjar og forskar av stort format - ein av dei aller fremste i historia*» (Befring, 2004 s.173). Dewey

«*blir rekna som ein grunnleggjar av den amerikanske pragmatismen, som er ein filosofi som set nyttefunksjonen av idear og teoriar i fremste rekje. Hans mest vidjetne formulering, learning by doing, gir eit konsentrert uttrykk for hans pedagogikk*» (Befring, 2004 s.173).

«*Dewey la vekt på at kunsten ikke er hevet over dagliglivet, men heller er en fortsettelse av vårt hverdagsliv med andre midler. (...) Den estetiske erfaringen har røtter i dagliglivets erfaringer, slik at den estetiske erfaringen ikke er noe spesielt høyverdig, som bare en elite kan ha. Faktisk er vår hverdag gjennomsyret av estetiske erfaringer, for eksempel når vi steller i hagen vår og prøver å gjøre den penest mulig.*» (Snævarr, 2008 s.176).

Begge desse perspektiva frå Dewey vil eg freista å ta med meg i drøftingsdelen av oppgåva.

Michael Polanyi var en jødisk ungarsk-britisk lege, kjemikar, vitskapsteoretikar og filosof. Det viktigaste bidraget han gav til vitskapsteorien var å skildra den tause kunnskapen (*The Tacit Dimension*). Polanyi skildra vidare personleg kunnskap som ein kunnskap integrert i personen, og som fungerer som ein taus kunnskap. Det er difor kunnskap som ikkje nødvendigvis vert nytta målretta. Polanyi meinte at kunnskapen må verta personleg for at den kan nyttast rett. Kunnskapen må altså integrerast i personen, den sit i kroppen som pinkoden eller slipsknyting sit i fingrane (dagensperspektiv.no, 28 september 2018).

Å ha fokus på nærmiljøet er viktig ifølge Professor Halvor Bjørnsrud ved Høgskolen i Vestfold. Han meiner at opplevinga av å høyre til, er avgjerande for inkludering i skulen. «*Forskning viser at sosial tilhørighet og nærlig til lokalsamfunnet er grunnleggende forutsetninger for en inkluderende skole*», sier Bjørnsrud (Bjørnsrud, 2012 s. 38).

«Lærestoffet som benyttes i undervisningen, bør være knyttet til elevenes lokalsamfunn og deres hverdag utenfor skolen. For elever i småskolen vil lærestoff og arbeidsmåter som gir elevene mening i sammenheng med slikt lærestoff, ha betydning for deres identitet og tilknytning til lokalsamfunnet». (Bjørnsrud, 2012 s. 41)

I boka «*Fagdidaktikk for kunst og håndverk*» peikar Liv Merete Nilsen på moglegheitene som ligg i det at ein som kunst- og handverkslærar har metodefridom og dermed har høve til å forankra undervisingsopplegga lokalt. Ho skisserer opp fleire vinklingar på det å ha skuleanlegget som utgangspunkt for kunst- og handverksundervisinga og kva for potensiale som ligg i det (Nilsen, 2009 s.102-104).

Ved å ha et nærmiljøperspektiv på eit slikt prosjekt konkluderer ho med at «*Dette kan bidra til å gjøre undervisningen meningsfull for elevene*» (Nilsen, 2009 s.101)

I masteroppgåva «Er dette arkitektur?» spør Vibeke Pettersen: «*Korleis vel elevar på mellomtrinnet å uttrykkje eigenskapar i arkitekturen i møte med nære bygde omgjevnader, og kva kan dette tyde for undervisning innanfor området?*» Ho tek utgangspunkt i arkitekturen i elevane sine nære omgjevnader (Pettersen, 2013).

Stortingsmelding 28 med tittelen “*Fag – Fordypning – Forståelse — En fornyelse av Kunnskapsløftet*” vektlegg mellom anna tre overordna tverrfaglege omgrep i den komande læreplanen. Dette er: demokrati og medborgarskap, berekraftig utvikling og folkehelse og livsmeistring (Kunnskapsdepartementet, 2016, s38). Eg vil nytta desse tre omgrepene som drøftingsgrunnlag for deler av kap. 5 (Analyse og drøfting)


Eg har funne tre kunstnarar som har lete seg inspirera av sprekker i asfalten på same måte som meg sjølv. I tillegg har eg funne inspirasjon i Lise Lunderskov sin utforskingemetode. Det er fleire fellestrek i måten ho og eg har nærma oss utforskinga på.

Lise Lunderskov er PD (pædagogisk diplomuddannelse) i biletkunst og estetikk og er sjølv ein utøvande biletkunstnar. I artikkelen sin ”Mønstre”, publisert i ”Billedpædagogsisk tidsskrift”, skildrar ho ein metode som ho nyttar i sitt eige skapande arbeid, men som ho òg

«perspektiverte» for å synleggjera korleis metoden kan nyttast saman med born. Den går ut på å dra på oppdagarferd for å leita etter samanhengar mellom ulike fenomen som fascinerer henne. Ho skildrar i artikkelen korleis eit mønster som ho oppdaga i krakelert måling i ein fotgjengarovergang, vert utgangspunkt for hennar undersøking. Ho går ut på oppdagingsferd for å finna ut om det finst tilsvarende mønster andre stader i nærmiljøet hennar . Ho skildrar vidare at:

«Undersøgelsesmetoden vil også kunne møde barnets ofte higen efter noget nyt, vise at vi ikke behøver at rejse ud i verden for at kunne tage på opdagelsesrejse og møde noget spennende og nyt. Dette kan foregå ved at børnene bliver opmærksomme på, at deres hverdag, nære omgivelser og de selv indeholder meget ukendt, uudforsket og værdifullt, og at de oplever en æstetisk dimension i hverdagen» (Lunderskov, 2007 s.12).

Britisk-fødte Matthew Picton som no bur i Oregon i USA har i perioden 2004-2006 jobba med sprekker i asfalten som inspirasjonskjelde. Han har overført former frå asfaltsprekker til gummi og skulpturar av streng (fig. 2). Han har òg malt/teikna former med blekk. Asfaltsprekkene er Picton no ferdig med, og for tida arbeider han med strukturar ein finn i oversiktsfoto av urbane strøk. Linjene/formene som oppstår når ein ser eit bykvartal i fugleperspektiv (matthewpicton.com, 27 september 2018).



Figur 2. Matthew Picton sine former som han har overført frå sprekker i asfalten. Til venstre er det stålstreng som gjengir formene frå asfaltsprekkene. Til høgre ser ein ei gummiaavstøyping av sprekker frå asfalten (<http://matthewpicton.com/years-2004-2006/>). Henta 18.08.2018).

Juliana Santacruz Herrera er ein gatekunstnar som held til i Paris og som gjer urbane inngrep i gatene på det viset at ho utsett dei for «garn-bompekampanjer». Det vil seie at ho i periodar fyller sprekkar og hol i asfalten med fletta garn i sterke fargar (fig. 3). Ho kallar prosjektet sitt

for «Projet Nid de Poule» eller «prosjekt veghol». Noko av tanken bak desse arbeida, er å gje varme til eit urbant og kaldt bymiljø. Det Santacruz driv med er noko heilt anna enn produkta både eg og Matthew Picton driv med. Men ein kan sjå eit felles utgangspunkt i fascinasjonen for motiva som vert danna av sprekkar i asfalten (inhabitat.com, 27 september 2018).



Figur 3. Her ser du eksempel på to av Julie Santacruz sine prosjekt der ho fyller ullgarn i sprekker i asfalten, eit utsyn ho kallar "Garn-bomber". Verka på biletene er frå Paris. (<http://inhabitat.com/juliana-santacruz-herrera-repairs-paris-potholes-with-cheery-renegade-knitting/> Henta 18.08.2018).

Kapittel 3 – Metode

Metodane og problemstillingane som er valt for denne oppgåva gjer at delar av den fell under det ein kallar hermeneutikk i vitskapsteorien. Det vil seie at eg ikkje legg opp til ei problemstilling som er falsifiserbar eller som skal verifiserast, men heller ei tilnærming der eg prøver å skapa ei heilskapleg forståing basert på nokre opne spørsmål i evalueringa av prosjektet til informantane mine i ein kvalitativ kontekst. Ei hovudinnvending mot dette metodevalet er at forskingsprogrammet må evaluerast undervegs og basert på dette bør programmet utviklast for å leie fram til konklusjonar ein vidare kan generalisera.

Dei to problemstillingane mine eignar seg best for ei tilnærming med kvalitative metodar. Kvalitative metodar nyttar ulike strategiar for innsamling av data, men byggjer i hovudsak på teoriar om menneskeleg erfaring (fenomenologi) og tolking (hermeneutikk) (Malterud, 2003 s.31)

I den fagdidaktiske delen av oppgåva har eg henta inn kvalitative data frå elevane i ei evaluering av undervisningsopplegget «prosjekt asfaltsprekker». Med utgangspunkt i denne kvalitative undersøkinga har eg videre henta ut kvantitative data som eg analyserer i kap. 6 . Her har eg nytta Tove Tagaards kategoribaserte analysetrapp (Thagaard, 2013 s158). Dette er gjort for lettare å få oversyn over svara. Eg har sortert og plassert alle setningane i elevevalueringa i tre ulike kategoriar, vidare har eg koda evalueringa med tre ulike fargekodar for at framstillinga av evalueringa skal bli oversikteleg (vedlegg 1 s.65-78).

Empirien eg har samla inn, er kvalitativt materiale (fotomotiv frå nærmiljøet) som eignar seg godt for hermeneutisk tolking. Grunnlaget for dette perspektivet er H. G. Gadamers filosofiske hermeneutikk.

«I denne tradisjonen forutsettes det at materialets deler og helheter belyser hverandre gjennom den hermeneutiske spiral. Kunnskap om forskerens ståsted; hans forståelseshorisont og fordommer er viktig. De uttrykker hans forankring som positive forutsetninger for tolkning og forståelse» (Melbye, 2003 s.14).

I arbeidet med eige skapande arbeid har eg som utøvar ei fenomenologisk tilnærming til arbeidet og prosessen. Eg lèt meg inspirera av korleis prosessane utviklar seg. Arbeidet eg har utført, avgjer kva retning eg tek vidare.

«Poenget fra et fenomenologisk ståsted er altså at vi erfarer verden som den ene eller andre formen for virkelighet alt etter som hvordan vi lar den fremtre for oss. Blikket vi har på verden, er ikke ensartet og kontinuerlig- det er kort sagt ikke rettet fra ett og samme sted» (Nyeng, 2012 s.32).

«Fenomenologien handler om å bevisstgjøre det kvalitative, altså å komme nærmere virkeligheten slik som vi sanser den som helhetlige vesener» (Nyeng, 2012 s.33).

Ein fenomenolog vil påstå at «verden ikke lar seg erkjenne før den fremtrer som noe for noen» (Nyeng, 2012 s.33).

Mine metodiske val

Eige arbeid

Arbeidet med denne oppgåva har resultert i ei mengd ulike produkt. Alt eg har laga har sitt utgangspunkt i fotomotiva frå nærmiljøet. Eg har produsert ei mengd med monotypiar i ulike format. Motiva for monotypiane er henta frå foto av vegteikningar. Vidare har eg laga fleire lysboksar. Med lysboks meiner eg liten treboks med plass til ei lyskjelde inni. Framføre boksen kan ein feste eit trykk eller foto som er overført til transparent ark. Lyskjelda vil då lysa opp motivet. Her har eg henta motiv frå vegteikningar og frå skuggefotos. Eg vil forklare meir om lysboksar i kap. 4.2. Vidare har eg òg laga fleire animasjonsfilmar der eg nyttar fotomotiv av skuggen min på veg til og frå skulen. Eg har òg arbeidd med ulike applikasjonar (hovudsakleg Word og Paint) for å omforma fotomotiva.

Fotodokumentasjon

Eg var tidleg på sporet av at denne oppgåva måtte handle om nærmiljøet mitt og kom fort i gang med innsamling av det som no er datagrunnlaget mitt (empirien). Dette materialet inneholder omlag 30 000 foto som eg har teke i nærmiljøet mitt.

Eg starta tidleg med å samla fotodokumentasjon på vegen til og frå skulen. Diamantvegen i Kroken sør utgjer 50% av strekninga. Her er asfalten særleg slitt, og det er store felt med sprukken asfalt slik at det stadig dukkar opp nye «vegteikningar». Når eg systematisk gjekk i gang med å dokumentera, auka fotomaterialet mitt svært raskt.

Rutinen var å observera og fotografera på veg til jobb, for så å ta meg tid til å laste inn materialet når eg var framme. Der tok eg òg ein rask gjennomgang og forkasta ein del av materialet. Deretter systematiserte eg materialet i ulike mapper for så til slutt å skriva ein logg. Den inneholdt kort litt om vêr, lys og erfaringar eg gjorde reint fototeknisk. Men kanskje vel så viktig var det at eg skreiv om kva eg var oppteken av til ei kvar tid. Eg skildra òg kva eg meinte fungerte bra og mindre bra, og kvifor. Eg la meg på ei linje der eg hadde låg terskel for kva eg fotograferte.

Refleksjonslogg

Gjennom heile perioden har eg skrive refleksjonslogg der eg kommenterer kva eg har oppdaga og teknisk kva eg gjorde med innstillingar på kamera osb. Det har òg vore viktig å føre logg for å ha oversikt over kva tid på døgnet overgangen mellom lys og mørke skjer: Dette for å kunne fotografera den blå skuggen som eg har nytta mellom anna i animasjonsfilmane eg har laga. Men aller viktigast har refleksjonsloggen vore i den fagdidaktiske delen av oppgåva. Der har naturleg nok loggføringa handla om å skildra kva som skjer i elevgruppa under arbeidet med prosjekt asfalsprekker. Denne loggskrivinga har i hovudsak skjedd i etterkant av undervisingsøktene, og innehold mellom anna kva som gjekk bra og kva som ikkje fungerte under gjennomføringa av prosjektet.

Deltakande observasjon og observasjonslogg

I den fagdidaktiske delen av oppgåva gjennomførte eg eit undervisingsopplegg med ein klasse på fjerde trinn. Dette prosjektet strekte seg over ti timer der eg var deltakande observatør som lærar. Det vil seie at eg var lærar og styrte prosjektet, og hadde difor stor påverknad på det som skjedde. Eg måtte heile tida agera i møte med ting som oppstod. Det var ikkje lett å få til å notera observasjonslogg underveis i prosessane. Loggen vart difor som oftast nedteikna i etterkant av undervisninga.

Elevprodukt

Kvar elev har produsert minimum 21 produkt i prosjekt asfalsprekker (fig. 11). Ein elev produserte over 50 produkt. Ein stor del av produkta var fotomotiv av asfalsprekker eller foto av deira eigne grafiske arbeid (monotypi). Då elevane jobba med digital fotoredigering, vart det produsert mange versjonar av fleire fotomotiv. Nokre av elevane rakk å trykke monotypiar i fleire omgangar og med fleire motiv. Elles monterte alle elevane kvar sin lysboks.

Analyseprosess (Handsaming av data)

Analyseforma som vart nytta er det Tove Thagaard skildrar som ein «*kategoribasert analyse*» (Thagaard, 2013 s158). Dette kjem eg nærmere inn på i kap. 5 under overskrifta «Elev evaluering av prosjektet».

Metodekritikk

Ein vanleg kritikk mot heuristisk tilnærming i forskingsprogram er at ein ikkje klarer å utvikle forskinga slik at ein kan gjere nye predikasjonar. Dette blir i litteraturen refererte til som heuristisk stagnasjon. Dette vert ofte kjenneteikna ved at ein lyt innføra hjelpehypotesar for å koma vidare, noko som strider mot programmets harde kjerne (Brekke & Torvanger, 1989 s.33). Sjølv teorigrunnlaget bak hermeneutikken voks fram som eit motsvar til positivismen og seinare dei kritiske rasjonalistane som gjorde sitt inntog i naturvitenskapen. Ein viktig føresetnad er at forsking på samfunnsspørsmål krev ei anna tilnærming enn når ein forskar på «daude» ting. Ein samfunnsforskar er ein deltar i samfunnet og står derfor som eit intersubjektiv overfor objektet. Det er problematisk sidan forskaren gjerne er utrusta med eit språk og eit verdisett som kjem frå objektet det skal forskast på.

Validitet og reliabilitet

Med intersubjektivitet syner ein til det faktum at forskaren sjølv er deltar i samfunnet og måten ein stiller spørsmål på påverkar objekta. Dette er ein ukjend faktor som det er

vanskeleg å kompensera for, men som gjer undersøkinga svakare. Særleg gjeld dette elevane, sidan eg underviser dei i kunst og handverk og møter dei kvar veke og såleis kjenner eg dei samstundes som eg er ein rollemodell for dei. Sidan spørsmåla dei svara på ikkje var anonyme kan ein tenkja seg at informantane var opptekne av å gje dei svara dei trur eg vil ha. Det er nærliggande å tenkje seg at responsen frå særleg dei elevane eg underviser i det daglege vart påverka av dette.

Materialet mitt er i utgangspunktet alt for lite til å kunne ha validitet i ein vitskapsteoretisk kontekst. Eg meinar likevel at empirien gjev grunnlag for å kunne løfta fram ulike perspektiv rundt undervisningsopplegget knytt opp mot omgrepet nærmiljø og dei tverrfaglege omgrepa i den nye læreplanen; berekraftig utvikling, demokrati og medborgarskap og folkehelse og livsmeistring.

Etikk

Eg har innhenta godkjenning frå NSD (Norsk senter for forskingsdata) til korleis eg handterer personopplysningar i denne undersøkinga (vedlegg 5 s.87-90). Vidare er det henta godkjenning frå foreldre til kvar enkelt elev som er avbilda i oppgåva. Alle foto i oppgåva utanom fig. 2 og 3 er mine eigne.

Eg har anonymisert alle elevsitata i oppgåva, namna som er nytta er fiktive. Det vil likevel vera mogleg å kjenna igjen elevane på fotoa. Og det vil og være mogleg, (særleg for medelevane i klassen) å finne ut kven som står bak dei anonymiserte sitata. Det er difor viktig å vurdere innhaldet i sitata og fotoa nøyde med tanke på å unngå evt. negative konsekvensar.

Kapittel 4 – Resultat

4.1 Eige skapande arbeid


Motiva har eg hovudsakleg funne på veg til og frå arbeid. ((Kart)Vedlegg 2 s.79). I lang tid var det «vegteikningane» som opptok meg. Men når snøen etter kvart la seg og viska vekk sprekken i asfalten, vart fokus naturleg nok endra. Utover vinteren konsentrerte eg meg om foto av min eigen skugge. Eg fann mellom anna ut at mørketida i periodar lokka fram ein vakker blå skugge. Denne blåfarga skuggen oppstår oftast ved inngangen til mørketida i oktober eller når vi forlèt mørketida i februar. Gjennom vår og sommar kjem eg tilbake til «vegteikningane» mine att. Men i regnfulle periodar vart det ofte fokus på speleleffektar i vatn.

På dette viset har innsamlinga av fotomaterialet mitt gått i syklusar. Eg har kome tilbake til å fotografere den blå skuggen min kvart år når tilhøva tillèt det. På same måten har eg kome tilbake til «vegteikningane» med jamne mellomrom i heile perioden.

Gjennom arbeidet med «*eige skapande arbeid*» har eg heile tida hatt i bakhovudet at erfaringane skal vidareførast til den fagdidaktiske delen av oppgåva. Val av verktøy og teknikkar er gjort med tanke på om dei òg kan nyttast i kunst- og handverksundervisinga.

For å få betre oversikt over materialet mitt, er det hensiktsmessig å sortera fotoa i ulike kategoriar.

1. Fotomotiv av vegteikningar.
2. Fotomotiv av skugge.
3. Fotomotiv av natur
4. Fotomotiv av kultur
5. Fotomotiv av speleleffektar




Figur 4. Denne figuren syner dei ulike kategoriane eg har valt å dela fotomotiva mine i. Den illustrerer og kva fotomotiv eg har flest og færast av.

Fotomotiv av vegteikningar

Vegteikningar er former skapt av sprekkar i asfalten (fig. 5). Denne kategorien utgjer utan tvil hovuddelen av fotomaterialet mitt. Når ein fyrst legg merke til dei, er det slåande i kor stort omfang dei finst. Enkelte av formene stikk seg ut, og det tok ikkje lang tid før eg fekk meg nokre favorittmotiv. Det er særleg tre ulike vegteikningar eg har fotografert ofte. Tre av formene finn ein i Diamantvegen (fig. 6 øvst). Det er mellom anna interessant å sjå korleis desse formene endrar karakter alt etter kor mykje fukt som legg seg i asfaltsprekkan (fig. 6).



Figur 5. Fotomotiv av vegteikningar. Alle desse vegteikningane er funne på strekningen frå Turkisvegen til Krokelvdalen skule (sjå kart vedlegg 3 s.79).



Figur 6. Her ser ein korleis ein vegteikning kan endra seg alt etter kor mykje fukt som har samla seg i tilknyting til asfalsprekken. Denne vegteikninga har eg jobba mykje med, og eg leitar etter den kvar gong eg passerer på veg til eller frå arbeidet mitt på Krokelvdalen skule.

Sprekkforma er fylt med sand og støv og er nærmest usynleg ein sommardag når asfalten er tørr. Støvet i sprekken held på vatnet som er tilført gjennom sommarnatt. Då kan sprekken vere synleg i fleire timer sjølv om asfalten har vorte tørr. Ein vil difor kunne sjå ei form som går frå å ha breie linjer i starten (tidleg på morgenon), men som etter kvart får tynnare og tynnare linjer ut over morgenon. Forma endrar på den måten karakter gjennom heile denne tørkeprosessen (fig. 6).

Fotomotiv av skugge

Eg har i lange periodar sett skugge som motiv i fokus. Både min eigen skugge og skuggen frå mellom anna tre. Det er spanande å sjå korleis skuggen endrar karakter alt etter kva for bakgrunn den fell på (fig.7).



Figur 7. Her er døme på foto frå nærmiljøet rundt Krokelvdalen skule, som kjem inn under kategorien skuggefoto.

Fotomotiv av natur


Materialet mitt inneholder ei mengd motiv som er henta frå naturen. I periodar har makrofunksjonen på kameraet vore flittig i bruk, og motiva syner kor variert «närmiljönaturen» i Kroken er. (fig.8).



Figur 8. Her er døme på foto frå nærmiljøet rundt Krokelvdalen skule, som kjem inn under kategorien natur.

Fotomotiv av kultur

Med kultur meiner eg i denne samanhengen motiv som innehold arkitektur eller anna menneskeskapte objekt. I fotomaterialet mitt er det mellom anna store mengder foto med motiv frå arkitekturen i Kroken (fig.9) .



Figur 9. Her er døme på foto frå nærmiljøet rundt Krokelvdalen skule, som kjem inn under kategorien kultur. Eg har mellom anna fotografert ei mengd med motiv frå spor og arkitektur.

Fotomotiv av spegeleffektar i vatn

Ved fleire høve har vatn og spegeleffektar i overflatevatn og pyttar fanga interessa mi (fig.10). Spanande motiv dukkar opp på stadar ein ikkje ventar å finna noko.




Figur 10. Her er døme på foto frå nærmiljøet rundt Krokelvdalen skule, som kjem inn under kategorien spegeleffektar i vatn. Motivet nedst til høgre er no vekke, av di ein har lagt ny asfalt på vegstrekninga.

4.2 Mine produkt. Med utgangspunkt i motiver frå fotomaterialet mitt

Eg har no samla eit fotomateriale på over 30 000 bilete. Eit utval av desse fotoa har vore utgangspunkt for omarbeiding i fleire ulike uttrykksteknikkar. Eg har gjort eit utval av teknikkar. Nokre av teknikkane har eg erfaring med frå før, medan andre vart valde av di eg tenkte at dei passa til det produktet eg såg for meg.

I prosessen er det lett å la seg rive med, noko som fort kan føre til store mengder med ulike produkt (fig. 11). Denne skriftlege delen av oppgåva omfattar berre eit utval av produkt. På utstillinga som er ein del av eksamen vil eg kunne syna meir av breidda. All erfaringa eg har skaffa meg gjennom arbeidet, legg eit godt grunnlag for vidare eksperimentering både når det gjeld motiv frå kjelder eg enno ikkje har oppdaga, og utprøving av teknikkar som er nye for meg. Samstundes legg dette eit godt grunnlag for meg som lærar å kunne hjelpe elevane med å oppdage nye kvalitetar med nærmiljøet i Krokelvdalen.



Figur 11. Denne figuren syner kva for teknikkar eg har nytta i omarbeidingsa av dei ulike kategoriane av fotomotiv. Eg brukta mest tid på å omforma fotomotiv av vegteikningane.

Monotypi

Monotypi def: Trykk/grafisk teknikk, der kvart blad ein trykker vert unikt.

Vegteikningane har i seg sjølv ein grafisk stilisert kvalitet. Mørke linjer, i sjølve sprekken, som står i kontrast mot dei lysare gråtonane i asfalten rundt. For meg som har jobba mykje med ulike grafiske uttrykk, var det naturleg å fyrst gripa fatt i monotypi som teknikk.

Trykkeprosessen er ganske enkel og krev ikkje så mykje utstyr (fig. 12).




Figur 12. Denne figuren syner ulike delar av trykkeprosessen. Foto i midten opp viser papirmaskeringa som er ferdig utskoren og klar for trykking. Plata under er respatexbord, frå gamle elevpultar.

I fyrste «trykkerunde» valde eg å klippa ut hovudforma i papir. Eg blanda meg ein gråblå tone i vannbasert trykksverte. Dette vart bakgrunnsfargen, som eg deretter påførte trykkplata med ei mjuk valse. Deretter la eg papirmaskeringa oppå respatexplata. Hovudforma vart då kvit på det endelege produktet (fig.13).

Bakrunnen gjekk eg over med samankrølla kopipapir som eg stempla rundt over den gråblå bakgrunnsfargen. Dette gjorde eg primært for å få fram ein luftig struktur som gjev liv til den store gråblå flata. Eit anna poeng var å unngå at ein får «mekaniske» kantspor etter valsa eg påfører trykksverta med. Deretter la eg papirmaskeringa oppå respatexplata med trykksverte. Til slutt dekte eg alt med eit stort ark for å ta avtrykk.

Eg erfarte at vannbasert trykksverte kombinert med for ustabilt maskeringspapir ikkje gav den ønska kontrollen over utrykket. Trykksverta trakk inn i papirmaskeringa og gjorde den uformeleg (fig. 13).




Figur 13 Denne figuren syner to ulike versjonar av trykka med vannbasert trykksverte. Det var vanskeleg å styra forma i motivet, sidan papirforma trekte vatn og vart mjuk.

På bakgrunn av det mislukka forsøket med vannbasert trykksverte, vart det i neste runde naturleg å nytta oljebasert sverte i staden. Dette viste seg å fungera godt. I tillegg vart det nytta eit papir som var litt tjukkare og difor òg meir stabilt. Når ein vel tjukkare papir vert det òg vanskelegare å klippe/skjera ut forma med saks eller kniv. Ein får naturleg nok òg større avstand mellom sjølve trykkplata og flata oppå maskeringa. Denne avstanden vil synast som ei smal kvit konturlinje rundt maskeringa.

For å oppretthalda kvalitetane i motivet er det viktig å få avbilda forma så godt som råd er. Eg nytta prosjektør for å få dette til. Med prosjektør og laptop var det lett å overføra forma til papir. I forkant hadde eg òg redigert fotoet på ei bildebehandlingsprogram for å auka kontrasten. Dermed vart det lettare å definere forma.

I neste forsøk valde eg å prøve oljebasert trykksverte. Utsnittet vart i tillegg justert. Trykkplata var denne gongen kvadratisk. Eg heldt fram med den gråblå bakgrunnsfargen, men denne gongen gav eg hovudforma ein sterk raud farge. Etter at raudfargen var valsaa på maskeringa, senka eg roleg papirmaskeringa ned på den blågrå respatexplata. På same måte som sist, nytta eg krølla papir for å framkalla ein luftig struktur på bakrunnen (fig. 14).



Figur 14. Motivet på desse to monotypiane er henta frå forma i Diamantvegen. Monotypien til venstre er trykk nr 1 i ein omgang der eg som oftast får fire ulike trykk. Monotypien til høgre er trykk nr. 4 i omgangen (Format 50 x 50 cm).



Figur 15. Foto til venstre og Monotypi til høgre. Biletet vart trykt med gråblå trykksverte på svart papir (Format 87,5 x 56cm).

Dette var eit gjennombrot, og eg opplevde at eg no hadde funne ut av dei materialtekniske utfordringane. No var det samsvar mellom det eg ynskjer å få til, og produkt. (fig. 15). Etter kvart har mange vegteikningar vorte overført til grafisk uttrykk (fig.16).



Figur 16. Denne figuren syner monotypiar av vegteikningar. Dei tre trykka øvst er monotypier med motiv henta frå diamantvegen (sjå kart vedlegg 4). Det nedste fotoet i figuren syner ferdig innramma monotypiar av vegteikningar (format 70x100cm.).


Lysboksar



Figur 17. Her ser du ferdigmontert «lysboks», eller eigentleg er dette fleire cd-reolar som er sett saman til eit digert bilet. Motivet er variasjonar rundt ei vegteikning som eg har funne i Diamantvegen.

Ideen til denne handla om at eg tenkte at det hadde vore fint å overføra nokon av vegteikningane til tredimensjonal form. Eg starta difor på ein treskulptur. Her var tanken å overføra «Diamantvegforma» (fig.13) som dekorelement. Eg kom godt i gang, men prosjektet stranda etter kvart. I prosessen planla eg mellom anna å kalla skulpturen for «Diamant» med tanke på vegen motivet var henta frå.


Diamant var stikkordet som gav meg ideen om å nytta lys i skulpturen. Eg hadde ståande nokre batteridrivne led stearinlys, og eg hadde ein tom cd-reol. Fyrst prøvde eg å måla med akrylmaling på transparente ark. Dette fungerte heller därleg. Etter fleire rundar med prøving og feiling var det nok ein gong oljebasert trykksverte og monotypi som vart løysinga. Eg trykte med oljebasert trykksverte direkte på transparente plastark. Med lyskjelde bak fekk eg fram ei glinsande «diamant-effekt» (fig.17). Etter kvart har eg òg laga lysboksar av digitalt redigerte foto som eg har skrive ut på transparent ark (fig.18).



Figur 18 Denne figuren syner ein ferdigmonert «lysboksar» i A4 storleik. Fotoa er skrevne ut på transparentfolie. Her ligg det to til fire foto oppå kvarandre, lag på lag og spegla horisontalt med ei lyskjelde bak.

Digitalt redigerte foto


Bilderedigeringa eg har nytta har i utgangspunktet avgrensa seg til å skjere til motiv, gjenta og speglar motiv (fig.19) og elles nytta enkle filterverktøy i Word. Programma eg har nytta er i hovudsak Paint og Word. Dette fordi eg heile tida har hatt i bakhovudet at dette òg skal kunna gjennomførast med elevar på barnetrinnet.



Figur 19. På begge fotoa i denne figuren har eg nytta applikasjonen Paint for å gjere utsnitt og for å speglar motivet. Motivet i fotoet øvst er fasaden på Kroken ungdomsskule som badar i låg haustsol. Elles har eg nytta «filterfunksjonar» i applikasjonen Word. Utgangspunktet for begge biletta blir vist i figur 9.

Animasjonsfilm

Ideen om animasjonsfilmen pressa seg fram ved rein slump. Det la seg snø medan eg var på jobb i slutten av oktober. På veg heim var eg usikker på kva motiv eg skulle finna no når vegteikningane brått var viska ut. Eg fotograferte litt på «måfå» med hurtige eksponeringar. Kamera var retta mot føtene og bakken der eg gjekk. Då dukka skuggen min opp på kamera displayet. Eg forstod eg at dette ville gjenta seg kvar gong eg passerte under eit gatelys. Då eg kom heim og såg gjennom biletta, vart eg med det same slått av den flotte blåfargen skuggen min hadde fått (fig. 20) Det slo meg då at denne serien med foto hadde potensiale i seg til å fungere som en animasjonsfilm. Eg importerte derfor heile serien inn i Movie Maker utan å redigere bort eit einaste foto. Tanken var at dersom eg animerte desse biletta ville eg kunne få fram den rytmiske skuggeeffekten. Det vart til fleire animasjonsfilmar. Skuggeforma varierer i fargeintensitet alt etter korleis lystilhøva er den dagen. Lyskjelda er òg viktig for sluttresultatet. Min erfaring er at det gule lyset ein stort sett framleis har frå gatelysa i Kroken, fungerer best for å få fram den intense blåfargen i slagskuggen min. Ein ser at enkelte lyktestolpar har fått eit kvitare lys. Dette er kan hende halogenpærer. I dette lyset vert det vanskelegare å få fram den blå skuggeforma.



Figur 20. Her er ein illustrasjon på korleis eg gjekk og fotograferte langs vegen til arbeidsplassen min. Eg tok biletet så raskt kameraet mitt tillèt det. På veg til jobb tok eg gjerne fem til sekshundre foto. Desse biletta sat eg så saman til ein animasjonsfilm «Blå skugge» (<http://ivars.galleri-aarvik.no/#collection/12>).

Seinare prøvde eg å utvikla skuggeforma ved å forstørra handa og tilføre formeelement som eg hadde klipt ut i papp. Deretter monterte eg pappforma slik at eg kunne bera den som ein hatt på hovudet. På denne måten vil eg kunne utvikla skuggeforma i uendeleg mange retningar (fig. 21).



Figur 21. Til høgre ser du pappforma eg sette på hovudet for å gi skuggen min ny form. På foto i midten ser du ei «papphand» som hadde same funksjon (fig.7) (Nedst til venstre). På foto til høgre ser du skuggefotot av forma til høgre.

Kapittel 5 – Undervisningsopplegget «prosjekt asfalsprekker»

Ramma for dette undervisningsopplegget var ti timer, og vart gjennomført med ein klasse på fjerde trinn. Grunnen til at nett denne gruppa vart valt, handlar om at det var den einaste gruppa eg underviste i mange nok timer i veka til at eg kunne forsvara gjennomføringa av prosjektet. I gruppa var det 21 elever til saman (4 gutter og 17 jenter). I kunst- og handverkstimane vart gruppa delt i to. Den andre gruppa hadde musikkundervising parallelt med kunst- og handverksundervisinga.

Prosjektet kan ein dela inn i seks ulike fasar (vedlegg 4 s.81- 86).

Fase 1: Fotografering av asfalsprekkene.

Fase 2: Redigering av utvalde foto.

Fase 3: Digital overføring (frå foto til grafisk uttrykk)

Fase 4: Bildebehandling av produktfoto.

Fase 5: Sluttpunkt

Fase 6: Utstilling

Fase 7: Elevevaluering av prosjektet.

Fotografering

Elevane jobba saman to og to. Etter at dei hadde fått utdelt fotoapparat, var oppgåva å finna ulike former/motiv i den sprukne asfalten, for så å fotografera motiva dei finn.

Kva dei skulle leita etter vart ikkje nærmare spesifisert. Elevane fekk enkle instruksjonar om fotograferingsteknikk. Og så var jakta i gang. (fig.22) Halve klassen fotograferte asfalsprekker i gata over Krokensenteret og den andre gruppa fotograferte sprekker i asfalten overfor kyrkja i Kroken ei veke seinare. ((Kart)Vedlegg 3 s.80). Elevane var svært motiverte. Det å bruke kamera var i seg sjølv en god motivasjonsfaktor. Etter en halv time med jakt på tilfeldige motiver i asfalten, var det tydeleg at motivasjonen for oppgåva var dalande. Elevane fekk då eit tips om at dei kunne leita etter dyr eller menneskeformer. Engasjementet var plutselig tilbake, og no ville alle vise læraren sin og kvarandre kor fin dinosaur, kenguru, fisk og monster dei hadde funne. Tilbake på klasserommet vart økta avslutta med ein gjennomgang av funna (foto av asfalsprekker) på Smart-Board i klasserommet.



Figur 22. Dette fotoet syner ein av elevane som er på jakt etter former i asfalten (til venstre). Figuren til høgre syner eit eksempel på motiv som ein elev har fanga med kameraet sitt. Eleven tykte forma likna på ein mann som spring.

Redigering

I denne fasen skulle elevane redigera fotoa dei hadde teke i fase 1. I forkant av denne økta hadde eg lasta opp fotoa på minnepinnar til kvar einskild elev. Difor kunne kvar elev med hjelp av ein laptop og enkle digitale redigeringsverktøy lagra fotoa på «sin» eigen minnepinne.

Målet for denne timen var at elevane skulle kunne nytta funksjonane «rettelser», «farge», «kunstneriske effekter» og «beskjæringsfunksjonen» i Word. Alle elevane skulle lagre minimum to redigerte foto av asfaltsprekker på sin minnepinne.

Her var det mykje som gjekk galt. Det viste seg at elevane hadde mykje mindre forkunnskapar om ulike operasjonar på data, enn det eg hadde tenkt på førehand.

Løysinga vart derfor å gjennomført to ekstratimer med fokus på å desse punkta:

- Korleis kan ein finna applikasjonane Word og Paint på e datamaskin?
- Korleis kan ein finna ei datafil som er lagra på ein minnepinne?
- Korleis kan ein lagra ei datafil(eit bilet) på ein minnepinne?
- Korleis kan ein opprette ei mappe?
- Korleis kan ein nytta funksjonane «rettelser», «farge» og «kunstneriske effekter» i Word?

Engasjementet og den gode stemninga frå førre økt var borte. Fleire elevar uttrykte sterkt mismot. «Kan vi ikke heller få tegne litt» uttrykte ein av elevane midt i ein av leksjonane. Fleire av elevane var etter kvart svært frustrerte. I etterkant ser eg at denne fasen, og utvidinga av den, på mange måtar var den mest kritiske delen av prosjektet.

Digital overføring (frå foto til grafisk uttrykk)

I denne fasen vart gruppene redusert til 6 elever. Målet var å overføra motiv frå foto av asfaltsprekker til eit grafisk uttrykk. Elevane nytta digitale verktøy (pc og prosjektør) slik at dei kunne auka formatet og overføra til papir, eit sjølvvald asfaltsprekkmotiv. Eleven teikna forma med gråblyant. Etterpå klippte eleven ut forma med saks. Frå før har eg erfart at å klippe ut papirmaskeringa var den delen av jobben som flest elevar tykte var vanskeleg, men det gjekk overraskande fint denne gongen. På førehand hadde eg skore opp kraftpapir (30x 30 cm). Tre flyttbare prosjektørar var òg rigga opp i kombinasjon med kvar sin laptop (fig .23). Heile prosessen vart nøyde gjennomgått saman med elevane, alle ledda i prosessen vart demonstrert. No kom heldigvis den gode stemninga frå fase 1 tilbake. Fleire elevar gav uttrykk for at dette var moro. Midt i trykkeprosessen utbraut ein elev: «Tenk at dette egentlig er asfaltsprekker» (Aarvik, 2016 s.2). Fleire elevar nytta høvet til å eksperimentera med ulike fargekombinasjonar og fekk difor mange produkt.




Figur 23. Denne figuren syner prosessen med å overføra motiv frå (digitale) foto av asfalsprekker til grafikk (monotypi). På fotoa øvst, vert foto overført frå PC via prosjektor til teikning på papir. Papirforma vart deretter klift ut (foto nede til venstre) slik at den kan nyttast som maskering når ein trykkjer ein monotypi (foto, nede, i midten og til høgre).

Bildebehandling av produktfoto

I forkant av timen hadde eg scanna alle fotoa og lagra dei på elevane sine minnepinnar. Denne timen vart difor på mange måtar ein repetisjon og vidareutvikling av det elevane alt hadde lært i fase 2. Det nye no var at elevane skulle redigera foto av eit omarbeidd uttrykk av ein asfalsprekk (monotypi)(fig. 24). Denne timen gjekk strålende, og elevane var motiverte. Vekke var klaginga og frustrasjonen frå fase 2. Det var heilt tydeleg at ekstra tid og fokus på elementær datakunnskap hadde hatt effekt. Kvar einskild elev hadde etter denne økta lagra minimum fem nye omarbeidde foto på «sin» minnepinne (fig. 25).



Figur 24. Dette er foto av ein elev som er i gang med å redigera foto av asfalsprekker med bilderedigeringsverktøy i Word.



Figur 25. På fotoet til venstre ser ein motivet eleven har funne i asfalten, og som her er overført grafisk, til ein monotypi (tittel: «regnsky»). På bildet til høgre har eleven ved hjelp av Paint og Word klipt og rotert forma fire gonger, og på den måten har «regnskya» blitt eit bilet som eleven synest likna på to skarvar.

Sluttprodukt

Kvar elev fekk utdelt ein «lyskasse». Lyskasse, er i denne samanhengen ein kvitmåla trekasse, som kan henge på veggen. Den er tilpassa eit A-4 format. Kassen er djup nok til at ein kan plassera eit led-stearinlys inni den. Den er open i front, slik at ein kan montera transparent film med tape framfor lyskjelda (et led-stearinlys). Det mjuke skinet frå ledd-stearinlyset gjev på det viset motivet ein intens glød. Det vert òg montert «matpapir» bak transparentarka. Dette for å fordela lyset frå led-stearinlyset jamt.




Figur 26. Dette fotoet syner ein av elevane med «lyskassen» sin etter at motivet er ferdigredigert og montert.

Oppgåva elevane fekk, var å velgje eit motiv og skriva det ut. Motiva eleven kunne velja mellom, var dei motiva som vart redigert i fase 4. Etter at eleven hadde skrive ut motivet i fargar på eit A4 ark, var vegen vidare å få motivet kopiert over på to transparente ark. Vidare var oppgåva å speglia motivet ved å leggja dei to transparentarka oppå kvarandre. Her kan ein velgje å speglia eller rotera de to transparentarka mot kvarandre i ulike retningar. Det ferdige motivet vart deretter montert på lyskassa (fig. 26).

Samla sett hadde elevane ein enormt stor produksjon gjennom prosjektet. Kvar elev hadde minimum produsert minst 21 produkt gjennom prosjekt asfalsprekker. I dette talet er òg alle versjonane av dei digitalt redigerte fotoa rekna med (fig. 27).

Oversikt over elevane sin produksjon gjennom prosjektet.



Figur 27. Denne figuren gjev eit oversyn over dei ulike fasane og produkta som vart produsert gjennom undervisningsprosjektet.

Udstilling

Udstillinga vart arrangert på tilfluktsrommet og i gangen utanfor klasserommet.

Utstningsopninga vart samkjørd med luciaframSYNING som avtala ettermiddagen 13. des.

Kvar av de 21 elevane deltok med to utrykk, dvs. at utstillinga inneheld 42 arbeider. Ein monotypi og ein «lyskasse» (fig. 28).

Monotypiene vart montert på finerplasser (39x 39 cm.) Bakpå finerplassen vart det montert treklossar for å få bildet litt ut frå veggen (ca.5 cm).

Ved sida av kvar monotypi hang det og eit laminert foto av asfaltsprekken som var utgangspunktet for motivet i monotypien.


Lyskassane vart hengt opp inne i tilfluktsrommet der også luciaforestillinga vart avvikla.

Lyset i rommet var neddempa, for å framheva effekten fra lysboksane (fig.28). Variasjonen i fargar og motiv var stor sjølv om utgangspunktet var fotomotiv av grå asfalt (fig. 29).

Elevane hadde satt eigne titlar både på lysiskassene og monotypiane. Det var massiv respons frå foreldra, som var imponert over kva elevane hadde fått til.



Figur 28. Dette fotoet er frå utstillinga i tilfluktsrommet. Lyskassar til venstre, og monotypiar i gangen utanfor (til høgre).



Figur 29. Dette fotoet syner fleire av motiva frå lyskassane som elevane stilte ut på tilfluktsrommet på skulen.

Elev evaluering av prosjektet

Elevane fekk i oppgåve å svara på tre opne spørsmål når vi skulle evaluera prosjektet:

«Hvordan opplevde du prosjekt asfaltsprekker? Fortell om hva dere gjorde, og hva du synest om det du var med på?»

Eg la evalueringsarket inn på minnepinnane kvar elev disponerte, og dei svara på spørsmåla digitalt og lagra svara på dokumentet sjølv. Elevane sat på datarom på kvar sin stasjonære PC når dei skulle svara på oppgåvene. Eg understreka på førehand at vi hadde god tid til arbeidet.

I etterkant av dette, har kvart av intervjua blitt gjennomgått og systematisert. All respons frå kvar enkelt informant, både lange setningar og enkeltord, har blitt systematisert og analysert.

Analyseforma som vart nytta er det Tove Thagaard beskriv som en «*kategoribasert analyse*». (Thagaard, 2013 s.158). Første trinn i denne «analysetrappen» er å «*bli fortrolig med innholdet av data*» (Thagaard, 2013 s.158).

Svara frå informantane vart nøye gjennomgått for å få god oversikt. Neste steg var å koda den transkriberte teksten. «*Prosesssen med å kode data innebærer at vi betegner utsnitt av data med begreper som gir uttrykk for meningsinnholdet i teksten*» (Corbin & Strauss 2008 s.159-165). Den transkriberte teksten ble gjennomgått på nytt og responsen ble koda med ulike fargar alt etter kva type respons informantane gav. Ved å handsama data på nytt, vart det tydeleg at responsen kunne samanfattast i kategoriar som er neste steg på Thagaards «analysetrapp». Innhaldet i setningane elevane skreiv vart analysert og delt inn i tre kategoriar: Setningar med positiv lada innhald, setningar med negativ lada innhald og setningar med nøytralt innhald.

Ved å nå gå gjennom datamaterialet på nytt, var det nå mogleg å telja opp kor mange gonger informantane hadde nytta dei ulike kategoriene. Neste steg i Tove Thagaard sin «*analysetrapp*» er identifisering av mønstre (Thagaard, s.161). For å forenkle denne prosessen la eg de nye tala inn i Excel og fekk då ei tydeleg visuell framstilling av i kva kategoriar informantgruppene i all hovudsak hadde respondert. Dermed var arbeidet med å identifisere mønstre mykje enklare. Siste trappetrinn i «*analysetrappa*» er å tolka funna i datamaterialet, noko som er grunnlaget for drøftingen og oppsummeringa som kjem seinare i oppgåva.

Oppsummering av prosjekt asfalsprekker

Dette undervisningsprosjektet vart mykje større og omfattande enn eg hadde tenkt på førehand. Noko av grunnen var at me måtte nytta ekstra tid på å få på plass betre datakunnskapar. Dette kan være et argument for gjennomføra prosjektet med eldre elevar. I tillegg er det betre dekning for prosjektet i læreplansmåla etter 7. trinn, noko som òg talar for å gjennomføra prosjektet på mellomtrinnet. Prosjektet inneheld god variasjon i arbeidsformer. Det var mykje praktisk arbeid både i arbeidet med å jakte på asfalsprekker, trykking av monotypi og i arbeidet med å montere utstilling. Men innimellom var det også økter med digital redigering på data. Når ein ser prosjektet i sin heilskap var det fin ballanse i variasjonen av ulike arbeidsformer. Denne gongen valde eg at prosjektet skulle ha utgangspunkt i fotomotiv av asfalsprekker (vegteikningar). Som eg har vist, er det enormt mange andre vinklingar eit slikt prosjekt kan ha. Snart vil eg kan hende laga skugge-animasjonsfilmar i eit tilsvarande prosjekt.

Med over 20 års erfaring som kunst og handverkslærar vil eg påstå at det var svært høg kvalitet på produkta kvar elev produserte gjennom prosjektet. Og finalen med kombinert førestilling og utstilling, vart svært vellukka.

Kapittel 6 – Analyse og drøfting

I dette kapittelet vel eg å drøfta (eige skapande arbeid) og undervisningsopplegget (Prosjekt asfaltsprekker) i samanheng. Kap. 3.1(eige skapande arbeid) legg på mange måtar grunnlaget for arbeidet i kap. 3.2 (undervisningsopplegget) og det er difor naturleg at eg vel å sjå dei to delane i samanheng.

«*Inspirasjon kommer fra latin inspirare, og betyr blåse, pust, ånde inn i eller åndedrag*» (Inspirasjon, 2016) «*Kunstnerisk inspirasjon kan defineres som den inspirasjon som stimulerer til kreativitet, driv og motivasjon til å arbeide, produsere eller skape*» (Inspirasjon, 2016).

I problemstillingane mine spør eg:

1. Korleis kan fotomotiv frå nærmiljøet nyttast som kjelde til inspirasjon i eige skapande arbeid innafor ulike visuelle uttrykk?
2. Korleis kan fotomotiv frå nærmiljøet rundt Krokelvdalen skule nyttast som inspirasjonskjelde for elevane ved skulen, i deira skapande arbeid, og kva verdi har dette?

I begge problemstillingane spør eg om fotomotiv frå nærmiljøet kan nyttast som kjelde til inspirasjon. Det er ikkje lett å måla inspirasjon, verken min eigen, eller elevane sin inspirasjon. Inspirasjon er noko som kjem til syne og som pressar seg fram. Det er ofte lett for andre å sjå at ein er inspirert, men ikkje alltid lett å innsjå sjølv. Ein elev som deltok i prosjektet påstod hardnakka at han kjeda seg i timen der han uavbroten hadde vore på jakt etter asfaltteikningar. Min observasjon basert på notat i evalueringsloggen, var at guten syntet alle moglege teikn på å væra inspirert, men han opplevde det altså ikkje sjølv.

I arbeidet med dette prosjektet var det tydeleg at elevane periodevis var inspirert i form av å ha kreativt driv og at dei hadde motivasjon til å arbeide godt, jamfør definisjon over. Omfanget av fotomotiv frå nærmiljøet og mine eigne kunstnarlege arbeid forklarar noko om inspirasjon for min del.

Ut frå den store mengda av visuelle uttrykk som både elevane og eg sjølv har produsert i samband med oppgåva, er det nærliggjande å konkludera med at dei fleste av oss må ha hatt kjensla av å væra inspirert ein eller annan gong i løpet av prosjektet. I arbeidet med

undervisningsprosjektet kom dette tydlegast til utrykk i prosessen med å fotografera vegteikningane, i arbeidet med trykkinga av monotypiar og i arbeidet med digital redigering av eigne fotomotiv.

I kapittel 4 skildrar eg kort korleis ideen om å lage animasjonsfilm plutseleg vart aktuell. På grunn av snøfallet oppdaga eg fenomenet “blå skugge” som dukka opp under gatelysa på veg heim frå jobb. Dette er eit døme på korleis den fenomenologiske tilnærminga til arbeidet med eige skapande arbeid gjev nye og uventa perspektiv. Dette gjev meining i høve til at:

«fenomenologiens formål ikkje er at indfange absolutte sandheter, men lære os at se verden igjen. (...) Denne veden tilbake til verden er en evig proces, da verden altid fremtreder med nye, fremmede træk. Verden vil altid forbavse os» (Merleau-Ponty, gjengitt etter/Thøgersen, 2004 s.33).

Noko som med det same fanga mi merksemdu, og som gjorde at ideen om animasjonsfilm kom opp, var rytmen i skuggen som dukka opp gong på gong etter kvart som eg passerte under gatelysa. Lise Lunderskov skildrar ei tilsvarande oppleving i sin artikkel «mønster» slik:

«Jeg tror det handler om, at alt der omgiver os, består af rytme og puls, en form for billedmusikk, og at vi instinktmessigt tiltrækkes af gentagelsen som fx hjerterytmen, åndedrættet og et træs bladstruktur. Gentagelsen, pulsen og rytmen er med til at skabe orden og ro i livet, en form for magi» (Lunderskov, 2007 s.11).

Den blå skuggen var magi. Rytmen vart skapt av tilhøvet mellom gangtempo, fotograferingstempo og lyset frå lyktestolpane eg passerte. Heile denne opplevinga var magisk og inspirerande (fig. 20).

I dette prosjektet har det meste handla om å erfara. Dette gjeld for meg sjølv så vel som elevane. Og i dei skapande prosessane legg erfaringa lag på lag. Dette er i tråd med Dewey sine tankar om erfaring: Dewey viste til erfaring som ein lærande prosess. Menneske erfarer hele tida og erfaringane me gjer oss nyttar vi til å oppdaga og å prøva ut nye ting, for så å hausta nye erfaringar (Dewey, 2004 s.53).

Nokre av elevane let seg inspirera av dette perspektivet. Drivkrafta er at ein haustar nye erfaringar. Eg tykte eg såg fleire døme på dette gjennom prosjektet, både i arbeidet med jakta på vegtekningar, i arbeidet med trykking av monotypiar og i øktene med digital redigering av foto. Dette kjem og fram i evalueringa av prosjektet der ein elev skriv «*Det var et gøy prosjekt fordi jeg fikk jobbe med monotypier, jeg fikk trykke med flere farger og lagde flere bilder på data*» (vedlegg 1, Informant 6, s.69). Enda tydelegare skildrast dette i observasjonsloggen min, der eg beskriv elevar som har vondt for å avslutte arbeidet når dei har oppdaga korleis ein kan omforma digitale foto av vegtekningar og monotypi ved å nytta spegle-funksjonen i Paint. Nokre av elevane produserte over 20 ulike redigerte versjonar av fotomotiva sine. Slik eg ser det er dette prov på at mange elevar vert drivne av læringsprosessane. Det ligg kime til inspirasjon i det å hausta nye erfaringar og bygge vidare på dei.


Når ein analyserer setningane i evalueringa av prosjektet asfalsprekker, er hovudtendensen at elevane nyttar positivt lada setningar. I 55 % av setningane er responsen positivt lada. Berre 7 % av setningane i evalueringa var negativt lada. I den resterande delen av responsen (38%) var setningane forteljande/nøytrale setningar (fig. 30). Dei positivt lada setningane innehold kommentarar som tyder på at det å læra nye teknikkar var motiverende. Andre positivt lada setningar fokuserer meir på at det sosiale og kommenterer at det var fint å samarbeida.

Dei elevane som kommenterer med negative lada setningar nemner problema me hadde med datamaskinene, og at det vart mykje venting. Elles var det og negative kommentarar rundt klippejobben, då dei skulle klippe ut papirmaskeringa til monotypitykkinga. Dette arbeidet er vanskeleg, og fleire av elevane kjempa for å få dette til.

15 av 20 informantar nemner stadat i nærmiljøet ein kan finne fine motiv. Det vert foreslått at: «*MAN KAN TA BILDE AV NATUREN VI HAR HER I KROKEN FOR EKSEMPEL I LILLESKOGEN. OG DET KAN BLI FINT OG*» (Vedlegg 1, informant 13. s.73-74) Dette tolkar eg som teikn på at elevane har kome på sporet av å sjå omgjevnadane sine i eit nytt lys. Ein elev fortel engasjert at: «Hjemme hos oss er det mange fine (altså asfalsprekker) utenfor huset» (Vedlegg 1, informant 11. s.72).

På grunnlag av denne evalueringa er det nærliggjande å slå fast at informantane i all hovudsak likte prosjektet.

ELEV-EVALUERING AV PROSJEKT ASFALTSPREKKER



Figur 30. Denne figuren syner ei oversikt over svara elevane gav på evalueringa av prosjekt astaltsprekker. Når ein kategoriserar svara deira syner det at 135 setningar var positivt lada og kun 16 setningar av til saman 218 var negative i evalueringstekstane frå elevane.

I den fyrste delen av undervisningsopplegget var engasjementet frå elevane på topp. Dei gjekk i gang med fotograferinga med eit stort engasjement. Ut frå evalueringa er det i denne fasen særleg to ting elevane peikar på som var bra. Det eine er å fotografere med kamera. At det var «gøy» å fotografere. Det andre var det sosiale, at det var «gøy» å samarbeida med samarbeidspartneren frå klassen. Informant nr 1 seier det slik: «*Jeg og Karine fotograferte på gruppa, og vi fant mange fine asfaltsprekker*». Dette er heilt i tråd med det Lise Lunderskov skriv:

«De er detektiver, som bruger deres nyskerrighed og sanser til at observere, stille spørsgsmål, fordype sig i tingene og reflektere. Når barn fx har valgt et bestemt mønster, kan det eksperimentere med at udtrykke dette i forskellige former for materialer og medier, to og tredimensjonalt og se hvad det gør med mønsteret og dets visuelle udtryk» (Lunderskov, 2007 s.12).

«Ho kjem springande til bort til meg og ropar ivrig «Jeg har funnet en mann og han ligger der borte!!!» Ho tek tak i meg og syner inga forståing når eg argumenterer med at ho må vente litt, og at det var fleire før henne i køen. Ho dreg han med seg bortover gangvegen

Og der, nede i asfalten ligger det tydeleg ein mann med hovud, lange føter og armar som strekk seg ut frå en tynn bølgende kropp.

«Armene er der, og beina er der, og der er hodet» seier ho og set føtene langt frå kvarandre, strekk ut hendene og ropar ivrig, sånn ligg han. Ho hopper spontant ut i ein stilling for å illustrere korleis «asfaltmannen» ligg i asfalten. Ho ler og fleire av de andre elevane kjem til for å sjå. Ho har funne ein mann formidlar ein av de tilkomne elevane litt tørt til en annan» (Aarvik, 2016 s.4).

Dette engasjerer fordi ho meistrar oppgåva. Venninna vert og ivrig når ho får sjå menneskefiguren i asfalten. Og til og med læraren vert ivrig når ho formidlar kva ho har funne. Alt dette engasjementet har sitt utspring i den sosiale konteksten som har oppstått i denne samanhengen. Og dette heng saman med det Dewey peikar på når han snakkar om:

«barnas aktivitet og læring som uttrykk for ei mellommenneskeleg sosial interesse, ei undersøkjande og granskande interesse, ei formande og utviklende interesse, og ei kunstnarleg, kreativ interesse» (Dewey, gjengitt etter/Befring 2004 s.174).

Det sosiale samspelet er på denne måten svært sentralt og viktig for engasjementet til elevane, og for enkelte kan dette perspektivet være motoren og heile drivkrafta for inspirasjonen dei har for prosjektet.

Det er fleire elevar som formulerer positivt lada setningar rundt det å lære nye teknikkar. Og i prosjekt asfaltsprekker har fotomotiva frå nærmiljøet leda oss i gang med å nytta fleire ulike utrykksteknikkar. Enkelte av elevane vil nok plassere kjelda til inspirasjon i gleda ved å meistre ei ny utfordring.

«Jeg likte å trykke med sånne ruller og vippes så var det bildet ferdig» (vedlegg 1, informant 2).

Medan vi er midt i trykkeprosessen spør ei av jentene om kva ho skal gjere for å unngå å få skade på trykket når ho trekk papiret av trykkplata. Ho hadde då lagt bak seg fleire forsøk der papiret enten vart bretta eller fekk små rifter. Trykksverta ho nytta var ganske tørr og oppførte

seg annleis enn det ho hadde røynsle med frå før. Ei jente på nabogruppa kom til å ville hjelpe, men kom til kort når ho skulle forklara kva ho gjorde. Operasjonen har noko med korleis ein fører armane i høve tempo og rørsle. Jenta freista fortvila å forklara operasjonen, men kom fort til at ho mangla ord og at einaste måten å gå fram på var å visa med handling korleis ho sjølv gjorde det.

Dette er eit eksempel som på ein fin måte illustrerer det Deweys «learning by doing», men det er også ein illustrasjon på den tause kunnskapen (*The Tacit Dimension*) som Michael Polanyi snakka om, kunnskap som er integrert i personen. Han nærmast speglar eksempelet mitt frå trykkeprosessen på denne måten:

«To typer innlevelse møtes her. Utøveren koordinerer bevegelsene sine ved å være i dem som deler av kroppen, mens betrakteren forsøker å korrelere disse bevegelsene ved å prøve å leve seg inn i dem fra utsiden. Utøveren lever seg inn i bevegelsene ved å internalisere dem. Ved en slik utforskende innlevelse får eleven en fornemmelse av lærerens ferdigheter og kan lære og bli hans like» (Polanyi, 2000 s.37-38).

I tilfellet ovanfor med jenta som formidlar taus kunnskap frå trykkeprosessen, ligg det eit tydeleg uttrykt ynskje om å få formidla vidare den erfaringa ho har tileigna seg, men som er vanskeleg å få uttrykt med ord. Det er ingen tvil om at sosiale prosessar er vesentlege når me snakkar om kva som inspirerer og driv elevane vidare i arbeidet med eit prosjekt som dette.

Då L-97 vart innført fortel Kari Doseth Opstad (Førstelektor Institutt for lærarutdanning og pedagogikk) at ho reiste rundt på skulane i Troms for å ha etterutdanningskurs i anledning den nye planen. I den planen var det formuleringar i retning av at ein skulle la seg inspirera av kunst og arkitektur i arbeidet med faget. Gjennomgangstonen frå lærarane på kursa var då at, «vi har ikkje kunst og arkitektur i vårt nærmiljø!».

Etter mi mening har eg gjennom arbeidet med denne oppgåva synt at det er mogleg å få nye vinklingar på bruken av nærmiljøet i kunst og handverksundervisninga.

Som nemnt i kap. 2 har Vibeke Pettersen fokus på nærmiljøet i si masteroppgåve «*Er dette arkitektur?*» I problemstillinga si spør ho «*Korleis vel elevar på mellomtrinnet å uthyrkkje eigenskapar i arkitekturen i møte med nære bygde omgjevnader, og kva kan dette tyde for*

undervisning innanfor området? Ho tek utgangspunkt i arkitekturen i elevane sine nære omgjevnader» (Pettersen, 2013 s.19). Eit av funna hennar var:

«Elevane var derimot svært villige til å snakke om ulike stader dei likte seg og ikkje likte seg. I tillegg la dei vekt på korleis dei nytta dei ulike stadene gjennom skildringar av leik og kvar dei oppheldt seg. Som nemnt tidlegare er desse elevane i ein alder der dei fleste framleis leikar, og mange av elevane sine skildringar var knytte til dette. ”Landet”, som ein av elevane snakka om, er eksempel på dette. Her skildra eleven skulegarden som eit land og gav dei ulike stadene ulike roller» (Pettersen, 2013 s.80-81).

På bakgrunn av dette er det nærliggjande å tenkja at eit undervisningsopplegg som prosjekt asfaltsprekker er med på å skape nye band mellom elevane og nærmiljøet. Denne typen opplevingar er med på å gjere større delar av nærmiljøet aktuelt og interessant for elevane.

I boka «tidlig innsats» peikar professor i pedagogikk ved USN Halvor Inge Bjørnsrud på koriktig nærmiljøet er for elevar i skulen. Han seier:

«Lærestoffet som benyttes i undervisningen, bør være knyttet til elevenes lokalsamfunn og deres hverdag utenfor skolen. For elever i småskolen vil lærestoff og arbeidsmåter som gir elevene mening i sammenheng med slikt lærestoff, ha betydning for deres identitet og tilknytning til lokalsamfunnet» (Bjørnsrud, 2016 s.43).

I den eine problemstillinga for dette prosjektet spør eg korleis fotomotiv frå nærmiljøet rundt Krokelvdalen skule kan nyttast som inspirasjonskjelde for elevane ved skulen. Men eg har også lagt til: Kva verdi har dette? Denne tilføyinga i den andre problemstillinga gjev meg høve til å trekka inn dei tre overordna tverrfaglege omgrepene som vil verta sentrale i læreplanen som om ikkje lenge er på plass: Folkehelse og livsmeistring, demokrati og medborgarskap og berekraftig utvikling. (Kunnskapsdepartementet, 2016, s38)

Svaret på dette ligg på eit vis i alt det eg til no har peika på. Prosjektet har verdi i seg sjølv som kunst og handverksprosjekt. I og med at elevane syner tydelege teikn på å være aktive, engasjerte og inspirerte i fleire av prosessane. Dei samhandlar og produserer, og alt dette er lærande prosessar. Som kunst og handverkslærar vil ein stort sett måla verdien av eit prosjekt

på grunnlag av i kor stor grad ein maktar å engasjere elevane. I prosjekt asfaltsprekker har engasjementet tidvis vore stort. I så måte har prosjektet vore ein suksess.

Folkehelse og livsmeistring er eit tverrfaglege tema i den komande læreplanen. Det å å være eit skapande menneske er i seg sjølv med på å skape livsglede og auka livskvalitet for mange av oss. Det å skapa gjer at me held oss friske. Dette perspektivet er heilt i kjernen av det som dannar meinings i livet for mange av oss. Her er det og viktig å peike på kor ulike me er i høve til korleis me opplever det å driva med eige skapande arbeid. For enkelte er dette den arenaen ein verkeleg opplever meistring. Det er noko ein lyt ha med seg i arbeidet med elevane.

Kari Doseth Opstad kommenterer i sin artikkel «*Dannelse i skole og lærerutdanning*» at:
«*Den estetiske dimensjonen ser ut til å være essensielt for mennesket og bidrar til å gi livet mening. Den er derfor en viktig faktor i et fullbyrdet liv*» (Opstad, 2010 s.129).

I arbeidet med dette prosjektet opplevde eg svært ofte elevar som gav utrykk for å oppleve meistring. Sidan utgangspunktet var fotomotiv frå nærmiljøet omkring Krokelvdalen skule, erfarer eg at arbeidet inneheld ein ekstra dimensjon. Med det meiner eg at nærmiljøperspektivet gjev prosjektet potensiale i å nå elevane på eit særskild «nært» vis. Auka medvit om kva kvalitetar ein kan finne i nærmiljøet kan byggja den enkelte elev at ein har ein identitet, er stolt over nærmiljøet og at ein har styrkja sjølvkjensle. Ein elev uttalte at «*Man kan finne fine ting man kan lage bilder av her i Kroken*» (vedlegg 1, Informant 4, s.67). Eg er overtydd om at denne typen prosjekt har kraft i seg til å påverka positivt, med blikk på det overordna tverrfaglege omgrepene folkehelse og livsmeistring.

Det andre overordna tverrfaglege målet er demokrati og medborgarskap. Å bry seg om nærmiljø og å engasjere seg i saker som omhandlar nærmiljøet, er eit viktig grunnlag for å utvikla eit engasjement for noko utanfor seg sjølv.

Om ein skal sjå prosjekt asfaltsprekker i lys av overbygningen demokrati og medborgarskap, så har ein fleire innfallsvinklar. For det fyrste kan det å få augo opp for verdien i det vi har like rundt oss, være fyrste steg på vegen til å utvikla eit engasjement for å ta vare på det vi har i vårt eige nærmiljø.

«Dersom vi ikke har et bevisst forhold til kvaliteten på våre omgivelser står vi i fare for å «forsøples» som samfunn, noe som også påvirker vår daglige livskvalitet som enkeltindivid. Dette berører i høy grad også etiske vurderinger knyttet til vårt forbruk og vår livsførsel» (Opstad, 2010 s.129).

Tankane elevane har om kva for kvalitetar nærmiljøet inneheld, vil potensielt kunne endre seg for elevane som deltok i prosjekt asfaltsprekker. Dei har fått nye tankar om kva ein kan forventa å finna i sprukken asfalt, og kva verdi ein sprukken asfaltert veg kan ha.

Vidare inneholder prosjekt asfaltsprekker ei utstilling der foreldra var invitert. I den samanhengen hadde elevane fleire gode forslag med tanke på kvar utstillinga av lyskassane skulle være. Liv Merete Nilen foreslår i boka si *«fagdidaktikk for kunst og handverk»* å ta skolebygningen i bruk. Ho spør mellom anna om: *«Er det plass til utstillinger?»*. Ho skisserer korleis ein kan involvera elevane i prosessar som har innflytelse på deira konkrete kvardag med utgangspunkt i skulebygningen (Nilsen, 2009). Prosjekt asfaltsprekker inneholder kimen til dette perspektivet. Elevmedverking og demokratiske prosessar i undervisninga legg eit grunnlag for å øva elevane i demokrati og medborgarskap.

Det siste av dei tre overordna måla er berekraftig utvikling. Tittelen på oppgåva er kortreist inspirasjon. Sjølv om denne tittelen har ein humoristisk undertone, peikar den og på kor viktig det er å få augo opp for alt det flotte me omgjev oss med, jamfør skuleleiarane som etterlyste arkitektur i sitt eige nærmiljø.

